



Bygland



Bykle



Evje og Hornnes



Valle

SETESDAL REGIONRÅD	
Løpenr.	Saksbeh.
	SSH
21 JUNI 2007	
Ark.kode P	0020
Avdeling	REF.
Sak nr.	06/376
Kopi til:	

INTENSJONSAVTALE

ETABLERING AV NAV SETESDAL

Setesdal Regionråd

Bykle, Valle, Bygland og Evje og Hornnes

1. Bakgrunn for og føremål med avtalen

Forstudien ”NAV Setesdal?” skal på eit overordna nivå analysere rammer, høve og utfordringar knytte til NAV-reforma for kommunane i Setesdal, og motivere kommunane til å stå samla.

Styret i Setesdal regionråd, rådmennene og dei fagansvarlege i kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle har i forstudiefasen sett på kva som er mogleg å få til av interkommunalt samarbeid i samband med innføring av NAV-reforma i setesdalskommunane. Det har vore ønskeleg å finne ut om samarbeid kan gjere det lettare å nå måla.

Kommunane skal no forhandle konkret med NAV Aust-Agder, der målet er å få til ein samarbeidsavtale med staten om etablering av lokale NAV-kontor. Denne intensjonsavtalen er ei synleggjering av at kommunane tek sikte på å kome fram til ein endeleg og bindande avtale om eit samarbeid seg i mellom innanfor det området intensjonsavtalen dekkar, slik det går nærare fram av pkt. 2 nedanfor. Gjennom denne intensjonsavtalen stadfester dei at dei gjennom undersøkingar og forhandlingar ønskjer å kome fram til ein endeleg avtale.

Denne intensjonsavtalen regulerer forholdet mellom partane anten fram til det vert gjort ein ny avtale, eller til denne avtalen går ut utan at det er gjort nokon ny avtale.

2. Området for intensjonsavtalen

NAV-reforma gjev nye høve og utfordringar når det gjeld samordning av ulike etatar med ulikt eigarskap (stat og kommune). Alle som vert omfatta av avtalen, både tenestemottakarar og tenesteytarar, må omstille seg. NAV-reforma gjev høve til å differensiere og lokalisere tenester og tenestemenyar. Formålet med reforma er at tenestemottakaren skal møte ”ei dør” og få ei samordna oppfølging på tvers av tidlegare etatgrenser. Tenestene skal vere lett tilgjengelege for brukarane.

Det skal opprettast eit NAV-kontor i kvar kommune. Intensjonsavtalen regulerer dei skyldnadene kvar kommune har i prosessen fram mot å gjere ein endeleg avtale om ei overordna regional organisering av NAV i Setesdal.

3. Nærare om samarbeidet mellom partane

I perioden fram til det vert gjort ein endeleg avtale ønskjer kommunane, gjennom medverknad i forstudien "NAV Setesdal?", mellom anna å gjennomføre desse aktivitetane som grunnlag for å gjere ein avtale:

Styret i Setesdal Regionråd vil:

- Stå samla som ei eining i dialogen med NAV Aust-Agder for å fremje behova kvar kommune har for eit fullgodt servicetilbod og for å fremje krava til regionen om å halde fast på forvaltings- og kompetansesarbeidsplassar i regionen og –senteret.
- Stå samla som ei eining i dialogen med NAV Aust-Agder, og fremje interessene til regionen.
- Arbeide aktivt for å finne gode felles løysingar som styrkjer interessene til brukarane og fremjar dei overordna måla til reforma.
- Definere tenesteinnhald i NAV Setesdal og dei lokale kontora.
- Ta stilling til kva slag organisasjonsmodell og leiarstruktur ein ønskjer for NAV Setesdal. Ha som mål å sikre politisk forankring i kommunestyra for NAV Setesdal før sommaren 2007.
- Byggje vidare arbeid på konklusjonane frå møtet i Bykle 26. april 2007.

4. Kor lenge intensjonsavtalen skal gjelde

Denne intensjonsavtalen gjeld fram til han vert avløyst av ein endeleg og bindande avtale, eller til kommunestyret i kvar kommune har forkasta eit framlegg om samarbeid om ei regional organisering av NAV i Setesdal.


5. Anna

Partane er klare over at dei i denne innleiande fasen av samarbeidet, fram til det er gjort ein endeleg avtale, i vesentleg grad byggjer på intensjonar som ikkje er rettsleg forpliktande. Likevel vil partane vere erstatningsansvarlege for tap som måtte skuldast illojal eller usakleg framferd i forhold til det det er rimeleg å vente seg av denne avtalen.

Bykle den 26. april 2007, rev. 24.mai 2007

Styret i Setesdal Regionråd


Ordfører i Bykle



Ordfører i Valle


Varaordfører i Bykle


Varaordfører i Valle


Ordfører i Bygland


Ordfører i Evje og Hornnes


Varaordfører i Bygland


Varaordfører i Evje og Hornnes